

**PROTOKOLL
ORDINÆR GENERALFORSAMLING I
BØMLO VEGSELSKAP AS
TORS DAG 22. MAI 2014 KL. 13.00**

Tilstades:

Frå aksjonærane:

Namn	Aksjonær	Aksjar	Fullmakt
Benthe Bondhus	Hordaland fylkeskommune	1 600	X
Jorunn Løklingholm	Bømlo kommune	1 400	X
Sum aksjar		3 000	
Sum aksjar representert		3 000	

Frå Bømlo Vegselkap AS:

Inge Reidar Kallevåg – styreleiar/dagleg leiar

Per-Jarle Johansen - administrasjon

Anne Johanne Stavland – administrasjon

Saker:**SAK 1 – VAL AV MØTELEIAR OG TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVA UNDER PROTOKOLLEN.**

Inge Reidar Kallevåg vart vald til møteleiar.

Benthe Bondhus og Jorunn Løklingholm vart valde til å skriva under protokollen saman med møteleiar.

SAK 2 – GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Generalforsamlinga godkjende innkallinga og dagsorden.

SAK 3 – GODKJENNING AV ÅRSREGNSKAP OG ÅRSMELDING

Aksjonærane hadde i forkant av generalforsamlinga fått tilsendt årsmelding og årsrekneskap med revisjonsmelding. Generalforsamlinga godkjende årsmelding, årsrekneskap og revisor si melding. Selskapets overskudd på kr 26.886.885,- er overført til aktivering av innkrevjingsretten.

Årets resultat er etter dette 0.

SAK 4 – FASTSETJING AV STYRET SI GODTGJERSLE FOR 2013

Generalforsamlinga vedtok følgjande styrehonorar for 2013, utan endring frå i fjor.

Styreleiar:	60.000 kroner
Nestleiar:	35.000 kroner
Styremedlem:	25.000 kroner
Vara medlem, pr. møte:	2.000 kroner

- For å ha krav på fullt styrehonorar skal eit styremedlem ha møtt på minst halvparten av styremøtene. I motsett fall vil styrehonoraret bli redusert til det halve.
- Det vert betalt ut kompensasjon for tapt arbeidsforteneste etter krav ihht. fylkeskommunale satsar.
- Varamedlem som deltek på meir enn halvparten av styremøtene får halvt styrehonorar.
- Styrehonorar vert avrekna årleg etter ordinær generalforsamling.

SAK 5 – GODTGJERSLE TIL REVISOR

Generalforsamlinga vedtok at godtgjersle til revisor vert dekkja etter rekning frå KPMG AS som for 2013 var på kr 47.125,-

SAK 6 – VAL AV STYREMEDLEMMER


Styret 2013:


			<u>Periode</u>
Styreleiar	Inge Reidar Kallevåg	varamedlem Sigbjørn Framnes	2012-2014
Nestleiar	Per Ole Fylkesnes	varamedlem Odd Vegard Paulsen	2012-2014
Styremedlem	Selma Karin Vestvik	varamedlem Kari Friis Sortland	2013-2015
Styremedlem	Siri Klokkestuen	varamedlem Sammy Olsen	2012-2014
Styremedlem	Dag Helge Hellen	varamedlem Geir Angeltveit	2013-2015


Følgjande styremedlemer vart valgt.:

Styreleiar	Inge Reidar Kallevåg	varamedlem Sigbjørn Framnes	2014-2016
Nestleiar	Per Ole Fylkesnes	varamedlem Anne T. Johannessen	2014-2016
Styremedlem	Siri Klokkestuen	varamedlem Sammy Olsen	2014-2016

Bremnes, 22. mai 2014


Benthe Bondhus


Jorunn Løklingholm


Inge Reidar Kallevåg